



Vertshuset vil stå i fokus under møtet på Vertshuset i kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kva skal skje med Vertshuset, som no er rusta opp på imponerende vis?

Det får ein svar på under eit møte på Vertshuset i kveld, onsdag, klokka 20. Eigaren, Røsland, vert med på møtet og vil informera om kva planar som føreligg for drift, truleg alt for sommaren 2008.

Ellers vil møtet, som blir leia av Kristian Bringedal, setta fokus på gode sommartiltak i bygda, som gjer oss attraktiv som feriemål.

Grupper, aktørar og næringsdrivande i skjæringspunktet kultur/turisme/næring er særleg innkalla. Det er også sendt skriftleg invitasjon til dei som ikkje står på ei samla adresseliste for utsending på e-post.

Dette er nokre av sakene som vil bli teke opp i tillegg til Vertshuset:

- Felles profilering på nettsida og i aktuelle publikasjonar
- Lokal turistinformasjon på SPAR.
- Guida turar til fjells, til Skorpo og opp Uskedalen.
- Fiske i elva
- Renovasjon
- Attraksjonar og større arrangement